

# REFERAT

## NORGES KLATREFORBUNDS TING

### 24.-25. APRIL 2004

---

Norges Klatreforbund arrangerte ordinært ting 24.-25. april 2004 på Norlandia Marsteinen Hotell på Sotra, utanfor Bergen. Tinget vart satt lørdag 24. april kl. 12:00 og avslutta søndag 25. april kl. 16:00. Det var møtt fram 34 personar til NKFs femte ting.

#### SAK 1      Godkjenning av dei frammøtte representantane

Det var opprop på dei frammøtte representantane og følgjande vart godkjend av tinget til å ha tale-, forslags- og stemmerett.

##### Frå styret:

- |  |                     |             |
|--|---------------------|-------------|
| 1. Lars Christian Stendal  | Bergen Klatreklubb  | Leder       |
| 2. Christopher Brodersen   | Tromsø Klatreklubb  | Nestleiar   |
| 3. Vivian Iren Hansen  | Mosjøen Klatreklubb | Styremedlem |
| 4. Leif Landsverk  | Kolsås Klatreklubb  | Styremedlem |
| 5. Stein Tronstad  | Tromsø Klatreklubb  | Styremedlem |
| 6. Are Mellem, Tromsø Klatreklubb, var vararepresentant for styremedlem Gunnar Karlsen, Bergen Klatreklubb |                     |             |

##### Frå klubbane:

- |                                     |                      |
|-------------------------------------|----------------------|
| 7. Hammerfest Klatreklubb           | Ronny Holm           |
| 8. Bergen Klatreklubb               | Gisle Andersen       |
| 9. Christiansand Klatreklubb        | Kim Kjærgaard        |
| 10. Våtedalen Tindeklubb            | Jarle Kalland        |
| 11. Høydeskrekk, Kongsvinger KK     | Rein Jahr            |
| 12. Haugaland Klatrelag             | Thomas Hahn          |
| 13. Kongsberg K3 Klatreklubb        | Bjørn Balle          |
| 14. Stord Tinde og klatreklubb      | Lars Dyhrfjeld       |
| 15. Bratte Rogalands Venner         | Monica Jill Vaksdal  |
| 16. Bratte Rogalands Venner         | Jan Eivind Danielsen |
| 17. Kolsås Klatreklubb              | Kristin Devor        |
| 18. Kolsås Klatreklubb              | Irene Andersen       |
| 19. Kirkenes Klatreklubb            | Lars Blix Olsen      |
| 20. Tromsø Klatreklubb              | Berit Berg           |
| 21. Honningsvåg T&IF – klatregruppa | Eirik Lingjærde      |
| 22. NTNUI-Tindegruppa               | Torbjørn Aass        |
| 23. NTNUI-Tindegruppa               | Thomas Horgen        |
| 24. Romsdal Tindegruppe             | Mette Rye            |
| 25. Siggerud Klatreklubb            | Tron Jansson         |
| 26. Hedemarken Klatreklubb          | Lars Haugen          |
| 27. Lemmivarra Klatreklubb          | Lin Veronica Wagelid |
| 28. Narvik Klatreklubb              | Sofie Haughom        |
| 29. Bodø Klatreklubb                | Mona Myrland         |

**I alt 29 med stemmerett.**

**Følgjande vart av tinget godkjende til å ha tale- og forslagsrett:**

Stord Tinde og Klatreklubb	Andreas Kjempenes
Siggerud Klatreklubb	Kristine Skau
Valkomiteen	Ben Velde
Sivilarbeider	Iver Martens
Generalsekretær	Siri Drageset

I alt 5 med tale- og forslagsrett.

**Sak 2 Godkjenning av saksliste og forretningsorden****Vedtak:**

Den utsendte sakslista og forretningsorden vart godkjend.

**Sak 3 Val av ordstyrar, sekretær, redaksjonskomité og representantar til å underskrive protokollen****Vedtak:**

Til å ivareta tingets ulike funksjonar vart følgjande einstemming vedtatt:

Ordstyrar:	Christopher Brodersen og Ben Velde
Sekretær:	Siri Drageset og Iver Martens
Redaksjonskomité:	Lin Veronica Wagelid, Sofie Haugom og Stein Tronstad
Underskrive protokollen:	Lars Blix Olsen og Kristin Devor

**Sak 4 Behandling av årsrapport for tingperioden 2002-2004****Styrets årsmelding**

Styrets årsmelding vart gjennomgått av Lars Christian Stendal. Presentasjon av det sittande styret, generalsekretær og sivilarbeidarar. Stendal poengterar det arbeidet som er lagt ned av styret og administrasjonen. Det blir lagt ned mykje frivillig arbeid i styret og styrets varamedlemmer møter til kvart styremøte og har eigne ansvarsområde. Det har vore stort engasjement i styret og mykje bra arbeid har vorte produsert denne tingperioden. NKF har fått stor vekst i medlemsklubbar, som no har nådd 125, og i antall medlemmer, som i dag utgjer ca 7300. Styret har no vald å arbeide meir langsiktig og rette fokus over fleire tingperiodar. Viktig å legge langsiktige føringar for å oppnå resultat. Når nye kjem til i styret ligg det føringar for eit arbeid og ein må ikkje 'finne hjulet opp på ny' og stake eigen kurs.

Denne tingperioden har NKF bl.a. fått ny logo, nye nettsider, Bratt kort, gode internasjonale konkurranseresultat, jentesatsing, god økonomi, klubb utviklingsprosjekt, trener II sport seminar og gjort oss synlege på den idrettspolitiske agendaen.

**Komiteane sine årsmeldingar****Sikkerhetskomiteen**

Presentert av leiar av komiteen, Stein Tronstad.

Komiteen har drive med ulykkesførebyggande arbeid. Klatrarar har blitt flinkare til å rapportere ulykker og nesten-ulykker gjennom det nettbaserte ulykkesskjemaet. Det blir gitt rask tilbakemelding på innrapporterte ulykker. Komiteen har hatt fast side, 'Den sikre sida' i

Magasinet Klatring. Tronstad skriv no på ei lærebok i klatring som i løpet av året vil bli ferdig. I løpet av tingperioden har det vore reist tre rettssaker mot veggeigarar etter ulykker, det har ikkje kome avgjersle i sakene endå. Det vart i 2003 produsert ein instruksjonsvideo 'Grepet av klatring'.

### **Idrettspolitisk komité**

Presentert av leiar av komiteen, Leif Landsverk.

NKF har vore representert i Norges Idrettsforbunds valkomité for NIFs ting i 2003 med Landsverk. På NIFs ting i 2003 la NKF fram ei sak om at idretten bør ta eit større samfunnsansvar. Dette fekk NKF fleirtal for. NKF har i tingperioden vore meir aktive på NIFs møter og ovanfor Kultur- og kirkedepartementet. Vi har ein jobb å gjere, å synleggjere og få forståing for vår aktivitet og organisasjon.

### **Komité for anlegg, adkomst og miljø**

Presentert av leiar av komiteen, Mette Rye

Komiteen har hatt enkelte saker av tilgang til klatrefelt, og desse har latt seg løyse. Komiteen jobbar for informasjon rundt adkomst/tilgang til klatrefelt for klubbane samt formidle holdningar. Komiteen er svært fornøgd med medlemskap i FRIFO, noko som tilfører komiteen kompetanse og nye ressursar. Denne tingperioden har komiteen hovudsakleg jobba med ei ny utgåve av 'Handbok for etablering av klatrefelt og klatreførere'.

### **Informasjonskomité**

Presentert av leiar av komiteen, Vivian Iren Hansen

Denne tingperioden har NKF fått eit nytt ansikt med ny logo og ny nettside. Ny logo vart vedtatt på styremøte før jul og ny nettside vart lansert 1. mars 2004. På den nye nettsida har vi oppretta eit eige diskusjonsforum. [www.klatring.no](http://www.klatring.no) som og skal vere klubbane si side og her ønskes det lokalt stoff. NKF har fått sitt første profileringsprodukt, ei zigg-flaske med den nye logoen på.

### **Konkurransekomiteen**

Presentert av leiar av komiteen, Gisle Andersen.

Komiteen har lagt langsiktige planar for konkurransearbeidet. Det har blitt brukt ressursar på Norgescup'en og landslagsgruppa samt eit betre tilbud til utøvarane i landslagsgruppa. Viktig at komiteen gjer ein god jobb og at det er kontinuitet i arbeidet. I samarbeid med utdanningskomiteen har det i 2003 blitt arrangert det første Trener II Sport seminaret. Dette var og arrangert i 2004. Seminaret gir veiledere og bygger nettverk for klatretrenarar i distrikta. Gjeld å få utnytta dette opp mot landslagsgruppa og satse på fleire trenarar i distrikta enn ein landslagstrener. Komiteen melder og om særdeles gode resultat i internasjonale konkurransar.

### **Klubbutviklingskomiteen**

Presentert av leiar av komiteen, Are Mellem.

Komitéarbeidet denne tingperioden har hovudsakleg gått med til å utarbeide pilotprosjektet 'Klatrekortet' som har resultert i prosjektet 'Bratt kort'. Bratt kort har no eksistert i tre månader og har så langt vore ein liten belastning for administrasjonen. Det er pr dags dato sendt ut 7000 kort til 30 vegger. Totalt er det på landsbasis ca 200-300 klatrevegger. 28 av dei som har tatt i bruk kortet er medlemsklubbar av NKF.

Klubbutvikling har vore ivaretatt gjennom klubb utviklingsprosjektet. Komiteen har behandla søknader og tildelt arrangementsmidlar til klubbar.

**Kommentarar:**

Lars B. Olsen, Kirkenes KK, saknar eit symbol i samanheng med logoen.

Rein Jahr, Kongsvinger KK, synes logoen var bra og at den fint kan arbeidast inn som eit symbol på oss.

Kristin Devor, Kolsås KK, heiter det brattkort eller bratt kort.

Lars Stendal, brattkortet heiter Bratt kort.

Lin V. Wagelid, Lemmivarra KK, saknar nærmare kontakt til konkurransar, kanskje finne eit samarbeid der utanfor liggande klubbar får mulighet til å delta i sør.

Gisle Andersen, det er dyrt å arrangere i konkurransar i nord og det kjem færre folk til konkurransane, dette kjem alltid til å vere ei utfordring.

Berit Berg, Tromsø KK, konkurransekomiteen har samarbeida godt med TKK, godt sjå kor proff komiteen har blitt på så kort tid. Vi bør satse meir på lokale og regionale konkurransar samt utdanning av trenarar og instruktørar.

**Vedtak:**

**Styret og komiteane sine rapportar vart, med innekomande kommentarar av tinget, einstemming vedtatt.**

**Sak 5 Behandling av forbundets regnskap for 2002 og 2003 i revidert stand.**

NKF sin generalsekretær, Siri Drageset, gjekk gjennom rekneskapen for 2002 og 2003. Det var forventa at rekneskapen, kommentar frå kontrollkomiteen og revisjonsberetning var lest av tingdelegatane på førehand. Det vart gått gjennom hovudpostane og dei større endringane i rekneskap i forhold til budsjett. For 2002 gjekk NKF med eit overskot pålydande kr271.000,- og for 2003 med eit overskot pålydande kr 387.000,-.

**Kommentarar:**

Lars Stendal, rekneskapen og balansen viser ein stabil økonomi. Viktig å ha gode reserver.

**Vedtak:**

**Rekneskapen for 2002 og 2003 vart einstemming vedtatt.**

**Sak 6 Behandling av kontingenter og avgifter.**

NKF har pr dags dato ingen kontingenter eller avgifter for sine medlemsklubber og –grupper.

**Sak 7 FRIFO**

Ved leiar av FRIFO sitt styre, Inger Lise Skarstein.

Det vart på FRIFO sitt årsmøte i 2003 einstemming vedtatt at NKF skulle takast opp som medlem av FRIFO. FRIFO sitt hovudformål: ”fremme aktivitet og friluftsliv for alle”.

NKF satsar på tryggleik, sikkerhet og opplæring. Bratt kort er eit veldig bra tiltak. NKFs satsing på barn, unge, innvandrarar og funksjonshemma er noko FRIFO synes er kjempebra.

NKF er med og viser breidde og mangfald. NKF har nyleg fått midlar til eit nytt tiltak frå direktoratet for naturforvaltning (DN), kr 60000,-, for 'Fargerik klatring'.

FRIFO er ein paraplyorganisasjon for alle friluftslivorganisasjonane i landet, og er danna, i 1989, etter ønske frå politisk hold. Same år, 1989, vart 1. Stortingsmelding om friluftsliv diskutert. FRIFO fungerer som eit felles talerør for friluftslivorganisasjonane. Organisasjonen representerer tyngde, fungerer som eit service organ og eit koordinerande ledd mellom friluftslivorganisasjonane. FRIFO bruker medlemslaga sine ressursar og kunnskap. Det er medlemmane som står for aktivitet. FRIFO si rolle er å fremme friluftsliv for alle, som ein verdi og eit helsemessige aspekt. Ein av dei viktigaste oppgåvene er bevaring av allemannsretten, rett til fri ferdsel og kamp om areala. I dag representerar FRIFO ein medlemsmasse på ca ein halv million.

I kvart fylke har FRIFO eit forum for natur og friluftsliv. NKF og klubbane må bruke disse aktivt. Bruk FNF'ene!

FRIFO arrangerar årleg, i samarbeid med medlemsorganisasjonane, 'Friluftslivets uke'. I 2005 arrangerast 'Friluftslivets År'.

#### **Kommentar:**

Lars Stendal, her høyrer vi heime. Sakene FRIFO jobbar med er dei same som vi. Blant anna sikring av klatreområda våre. Dei er ein viktig sparringspartner. Godt med venner med tung innflytelse på det offentlige.

### **Sak 8 Tilretteleggingstiltak klatreaktivitet, inne og ute.**

Presentert av Leif Landsverk.

NKF regner med at det kan vere bortimot 50000 klatrarar i Norge. Skal vi vere til for kun våre medlemmer eller for alle som klatrar? Det finnes ingen andre som vil ta ansvar for dette enn NKF, og dette er for NKF ei utfordring på grunn av at våre ressursar er knytte opp mot organisert aktivitet. Vi må bli flinkare til å fortelje kva vi driv med og frigjere våre ressursar som går til alle.

Vi skal vere så ambisiøse at vi skal ut og besøke alle klubbane i landet. Sammen med klubben skal vi kome fram til kva behovet er der ute. Ut i frå det skal vi utarbeide ein plan som skal gå på tilretteleggingstiltak for å støtte oppunder våre aktivitetar. Vi treng i ein slik prosess å påverke offentleg regulering, grunneigarproblematikk og tilgang på offentlege midlar. NKF skal vere meir konkrete i forhold til anlegg innandørs og prioritering av desse. Sikre og utbetre adkomst og sikkerheit ute.

NKF må prøve å få til pilotprosjekt i tilretteleggingstiltak ute. Kolsås KK prøver no å få til dette i Oslo og omegn, ein gjennom gang av bolter og topptaufeste dette gjennom eit samarbeid med KKD.

#### **Kommentarar:**

Ronny Holm, Hammerfest KK, NKF bør vere på plass når det byggast innandørsanlegg, her skjer det mykje rart. NKF er i direkte berøring med alle klatrarar, når NKF kommuniserer med medlemmar kommuniserar dei og mot dei uorganiserte, som er lette å treffe fordi dei oppheld seg på same arena.

Lars Blix Olsen, Kirkenes KK, vi skal jobbe for å legge til rette for dei uorganiserte også. Vår holdning må vere å inkludere, ikkje ekskludere.

Leif Landsverk, dette signaliserte NKF på NIF sitt ting i 03.

Mette Rye, Romsdalen TG, vi gjer ein jobb i forhold til sikkerhet, kunnskapsformidling, adkomst og allemannsretten – dette er inkluderar alle.

Jan E. Danielsen, Bratte Rogalands Venner, dei fleste ruter som er gått, bolta, har skjedd gjennom uorganisert aktivitet.

Torbjørn Aass, NTNUI-TG, krav om organisert aktivitet når det gjeld konkurranse, elles ikkje.

Berit Berg, Tromsø KK, vi ønskjer at flest mulig skal kunne klatre inne uansett om dei vil vere organisert eller ikkje, seie ja-takk til alle som vil klatre, det vere psykisk, funksjonshemma, etc. Viktig å kjøre kurs og gi folk ansvar.

Sofie Haughom, Narvik KK, ved utvikling av klatrefelt så jobbar vi for alle. Er det riktig at medlemmane i klubben skal betale for at andre skal nyte godt av dette? Ressursane vi får tildelt har med vår medlemsmasse å gjere. Vi må gjere medlemsskap skap meir attraktivt.

Leif Landsverk, NKF har fått dispensasjon frå Lotteritilsynet på grunn av vår uorganisert aktivitet for å kunne drive arbeid for alle. Vi er mykje større enn våre medlemstal viser. Vi må bruke våre knappe ressursar bevisst. Korleis kan vi best bistå klubbane? Midlar til friluftsanlegg i fjellet utgjer ein stor pott, og det er ikkje for stor trykk på denne. Den er det i dag kun DNT som bruker. Denne kan og må vi også bruke. T.d. adkomsten til innsteget på Heftye's renne, burde vore merket med vår logo.

Kristin Devor, Kolsås KK, kva er kriteria for konkurranse anleggene internasjonalt og nasjonalt?

Gisle Andersen, Bergen KK, nokre veggjar er godkjent, men publikumsareal er for små.

Rein Jahr, Kongsvinger KK, medlemsskap må ikkje vere den einaste inngangen til klatringa. Aktivitet for alle må vere viktig for å få ekspansjon. Vi må satse på alle.

Monica J. Vaksdal, Bratte Rogalands Venner, vi må jobbe for alle. Det må vere meir attraktivt for folk å vere med i klubb.

Lars Stendal, tilretteleggingstiltak i fjellet må vere svært tilbakehaldande med omsyn til etikkprofilen til NKF. Vi skal ikkje sette spor etter oss i fjellet, det skal vere mulig for komande generasjonar å oppleve det same som oss.

Mette Rye, Romsdalen TG, vi må vere strenge med bygging av anlegg i fjellet. Anlegg må vere unntak og nye anlegg må førekomme med omsyn til sporlaus ferdsel. Våre eksisterande anlegg må vere i god stand.

Leif Landsverk, vi må vere med på å skape velvilje og gi informasjon om kva vi driv med. Få DNT til å prioritere hytter i områder nært der vi ønskjer dei.

Berit Berg, Tromsø KK, vår hytte i Tromsø har vore med på å skape eventyr. Vernespøkelset er kanskje øydeleggende for dei små buer og liknande. Forbundet kunne eventuelt legge opp til ein konstruktiv regulering. Boltar for nedfiring gir auka sikkerhet.

Bjørn Balle, Kongsberg KK, bolter eller slynger frå nokre populære fjell, blir tilrettelegginga for stor kan det gå utover mengda brukarar kan tilrettelegginga gjere ting farlig enkelt?

Lars Blix Olsen, Kirkenes KK, glad for at NKF tar initiativ i forhold til utandørs aktivitet. Dei tradisjonelle felte ønskjer vi å ha reine utan bolter. Ingen ting i vegen for at NKF kan vere med å påverke utfallet av utvikling av utefelt.

Jon E. Danielsen, Bratte Rogalands Venner, gi støtte til alternative felt under 2000 meter. Tilrettelagde crag-felt trenger like mykje hjelp som andre.

Rein Jahr, Kongsvinger KK, meir inneklating gir meir behov for tilrettelagde utefelt, men samtidig behov for reine felt.

Torbjørn Aass, ikkje gjere ting vi angrar på seinare.

Christopher Brodersen, vi skal blande oss inn i klarerelaterte spørsmål. Innandørs skal vi blande oss i alt. I høgfjellet skal vi vere restriktive. Vi kan gi indikasjonar om kva vi ønskjer, og vi treng ein profil på kva vi skal råde folk til å gjere vidare i høgfjellet.

Monica J. Vaksdal, Bratte Rogalands Venner, å vise klatrarar vegen til cragget kan vere med å regulere ferdsel.

Lars Stendal, tankekors å ikkje leggje til rette. Fjellet ligg der naturleg og ferdsel i fjellet er tilpassing til naturen.

Inger Lise Skarstein, å vere restriktiv kan vere absolutt viktig for framtida. Bruk FRIFO for å legge til rette for utandørsanlegg for framtida. Gjer klatrefelt til eit spesialområde for tilretteleggingsplanar.

Leif Landsverk, fra lågland til fjell. Kolsås, ønske om at klubben tar initiativ til tilpassingar. Hardangervidda har hytter i nærhet av mulige felt. Turtagrø, skal vi ta tak i merking og sti laging. Må sikkerhet avveiest mot inngrep i fjellet?

## **Sak 9 NKF's hovudsatsingsområde, verdi, visjon og mål**

Presentert av Lars Christian Stendal.

Styret har starta eit arbeid med langsiktig strategi og visjonar.

”Norges Klatreforbunds (NKF) formål er å fremme klatresporten i Norge og å representere den internasjonalt. NKF skal virke for en sikkerhetsmessig og miljømessig forsvarlig utvikling av sporten”.

**NKF's visjon** er ”Glede, utfordring og sikkerhet for enkeltutøveren”.

### **NKF's verdier:**

**Glede** - meistringsglede for alle, fri natur, bratte utfordringar, leikent miljø.

**Ansvar** - egen og andres sikkerhet, miljø og samfunn, fellesskap og vennskap

**Tradisjon** – røtte i historia, tar vare på natur og kultur, nytte i gammal visdom, gamle og unge saman

**Nytenking** – oppfinnsame og opne for nye idear, løysningsorienterte, klatrarar bryter vanen

Kva skal NKF rette fokus mot. Klubbane er det viktigaste og sentrale ledeet, der skjer innsatsen vår og der genereres aktivitet. NKF må sørge for å legge til rete og gi klubbane fode rammevilkår. Må ha fokus på breidda. NKF burde få til større samlingar med aktuelle temaer. Vi er ein liten organisasjon, men kan bety noko for mange.

### **NKF's hovudmål:**

”I 2010 skal NKF oppfattes som ein uvurderleg støtteorganisasjon for klatrarar i Norge”.

### **NKF's delmål:**

- Fokus på og i klubbene
- Fokus på alle enkeltutøvarane
- Fokus på arenaene
- Vi er i samfunnet

### Gruppediskusjon:

Tingdelegatane vart delt inn i grupper, anlegg inne og ute, konkurranse, klubb utvikling og utdanning. Gruppediskusjonen vart framført i plenum.

#### Gruppe 1 - Presentert av Torbjørn Aass

Kva treng klubbane? Ein må vere observant på at det er mange forskjellige klubbar, t.d. studentklubbar, som skil seg frå kvarandre med omsyn til t.d. barn og ungdoms aktivitet. NKF må gi meir kompetanse til klubbane på konkurransar, ruteskruing, bolting, etc. samt utvikle tilpassa og meir detaljerte kompendium for klubbane på t.d. metodesett i avviking av kurs. Bra at NKF har blitt medlem av FRIFO og muligheit for å få laga ei standard grunneigaravtale som klubbane kan laste ned frå nettet. Sosial arena må tilpassast den enkelte klubb. Arena inne, NKF må bistå med løysingar/anbefalingar til drift av vegg, støtte opp om klubbar som vil bygge vegg med t.d. å søke midlar. NKF må ha ein langsiktig strategi som bl.a. seier at ein kvar klubb skal få tilført trenar kompetanse. Utdanning heng saman med sikkerhet. Her må NKF vere meir aggressive og ha konkrete målsettingar på dette. Heve standarden i klubbane.

#### Gruppe 2 – Presentert av Monica Jill Vaksdal

Friluftsliv, er det dekkja inn i verdiane til NKF eller skal det vere ein eigen verdi? Er friluftsliv holdning ei holdning eller eit arbeidsfelt. Glede, burde kanskje vore utvida i trivselbegrepet. Sikkerheit har ikkje kome sterkt nok fram i, høgare signaleffekt. Kor høgt vektar vi uorganiserte enkeltutøvarar, for høgt eller ein naturleg fokus? Miljø og trivsel, dei uorganiserte må inn som eit viktig punkt.

#### Gruppe 3 – presentert av Gisle Andersen

Klubbane, her ligg det mykje frivillig innsats. Det finnes mange forskjellige typar klubbar med forskjellig utgangspunkt. Det er ikkje sagt at alle klubbane kan ivareta t.d. barn, unge og funksjonshemma. Veldig bra at NKF har fått til eit godt samarbeid med NIF.

#### Gruppe 4 – presentert av Are Mellem

Manglar ting i dokumentet som, det bør vere eit mål at alle klatreklubbane skal vere medlem i NKF. Alle klubbane skal ha tilbod om eit regionalt samarbeid og dette må styrkast. Spesielt er dette viktig for spesielt små klubbar, og dette arbeidet må vere eit viktig arbeidsfelt for NKF. Nyetablerte klubbar skulle fått betre oppfølging, t.d. etablert eit forum for desse i startgropa. No har vi starta, kva skjer vidare? Å skaffe frivilje til klubbar arbeid blir vanskelegare. Dei som bygg veggar bør ringe til NKF for å få hjelp, det skal vere NKF som er naturleg å ta kontakt med i denne samanheng. Vi må gjere det kjent i kommunane at NKF skal kontaktast. Vi må få gå gjennom søknadane som kjem til KKD.

### **Plenumsdiskusjon:**

Christoper Brodersen, NKF skal vere rekrutterande, fordi vi ønskjer å betene behova for dei som klatrar i dag og dei som måtte ha lyst til å drive med dette i framtida. Vi er ein liten org og vi er sårbare.

Leif Landsverk, denne diskusjonen er viktig, denne disk får vi berre kvart andre år. Har vi i tilstrekkelig grad tenkt over konsekvensane av kommersielle som omgir oss. Kva er vår holdning til dette?

Berit Berg, Tromsø KK, NKF er i utvikling. Men vi har eit mangfald. TKK driv business som klubb, må ha inn 20.000 til husleige kvar månad for å få klatra. Vi skal vere forsiktig å henge oss på bølger. NKF må ta eit samfunnsmessig ansvar er bra.



Mette Rye, Romsdal TG, side 3 er ei samanfating som blir utdjupa igjennom komiteane. Kanskje skal vi jobbe for at klubbane har eigne veggjar og slik kan møte kommersialiseringa. NKF må vere meir aktive til å hjelpe klubbane til dette. Fange opp klubbar i baby-fasen. Ta tak i byggentreprenørar for å få gode veggjar. Forpliktelsen vår på arena ute, støtte til gode klippeklatrefelt – kan tolkes til at nkf skal stille med penga. Omformulere 'vi skal hjelpe til/bidra til'

Rein Jahr, Kongsvinger KK, spørsmål, 'kven er NKF og kva er NKF'. Klubben tenker, dei er noko anna. Vi må vere flinkare til å synleggjere at NKF er OSS. Kvar medlem har eit ansvar i det som leggst fram her, dette gjelder oss alle. Skal NKF vere for oss medlem eller for aktiviteten? Vi skal ikkje pushe klubbane med å få inn nok styrefolk, integrering, konkurranse. Må få lov til å utvikle seg etter kvart som det kjem ressursar og nye folk til klubben. Skal aktiviteten vere oss eller skal vi invitere andre til vår aktivitet.

Lars Stendal, tinget kan fatte vedtak til nyt vedtak fattes. Fatter vi gode vedtak her og styret jobbar vidare med det, så er vi langt på veg. Vi har ein org for våre medlemmar og den skal også vere tilgjengelig for andre, bl.a. dei uorganiserte. NKF skal tilføre kompetanse dvs at vi må ut og holde kurs. Kanskje burde måla vore endå meir spesifikke. Strategi for at klubbane har ein eigen arena som klubbane sjølve skal kontrollere.

Tobjørn Aass, NTNUI-TG, er vi klare for kommersialisering? 50.000 i dag, kva med 50.000 til. Korleis møte dei? NKF skal vere ein aktiv støtte org. Klubbane vegrar seg for å 'dra inn' nye medlemmer.

Are Mellem, kommersialisering, det nye styret må ta tak i dette. Kva er dette, kva konsekvensar har det for utbygging, for den enkelte utøvars klatretilbod på heimstaden. Kan NKF komme inn og påverke kommunalt, kan vi utnytte den –rettigheter, økonomi.

Rekruttering, før rekrutterte man ikkje til klatring, dette var farlig. I dag rekrutterer vi til innandørsklatring, som er ukomplisert og omtrent ufarleg.

Lin V. Wagelid, Lemmivarra KK, integrering av funksjonshemma, bruke inkludering av funksjonshemma, eit mykje betre ord.

Lars Blix Olsen, Kirkenes KK, opptatt av kva det nye styret skal ha fokus på og kva som er status i NKF. Sport og fjell er to forskjellige ting, kva skal man legge ressursane i? viktig at NKF har blitt medlem av FRIFO – det ivaretar friluftsdelen. Det nye styret må gi status på den delen som går på fjell. Realiteten er kva man bruker tid og penger på. Org må ha ein filosofi og fremme fjelldelen betre. Vel mykje overvekt på sport.

Berit Berg, Tromsø KK, NIF og økonomi. NKF er kanskje den sunnaste idr. Org i nif. Vi skal ikkje legge oss flat for dei, vi må holde oss fast på det sunne vi har. Vi må ta økonomien på alvor, i dag får vi peng der kranane kan skruast om, politikarane vender raskt om. Skal vi ha ei sunn og god utvikling så må vi gripe fatt i at det er idr som er det viktigaste.

Christopher Brodersen, Forslår at tinget sluttar seg til NKF's strategisplan med dei merknadane som er no er komne gjennom gruppediskusjonane. NKF's styre ferdig stiller dette arbeidet medio oktober 2004. Styret legg fram ny revidert strategiplan til neste ting.

#### **Vedtak:**

**Tinget sluttar seg til NKF's framlagte strategiplan med dei merknadane som er komne og gir NKF's nye styre mandat til å ferdigstille arbeidet.**

## Sak 10 NKF's handlingsplan for 2004 - 2006

**Klubb utvikling** – Presentert av Siri Drageset

**Prosjekttema:** Barn og unge må sikres eit allsidig tilbod, gi dei muligheit for nye utfordringar og variasjon i kroppsbruk og samværsformer.

NKF fekk tildelt kr 310.000,- i 2003 og kr 560.000,- i 2004 til klubb utviklingsprosjektet. Dette er midlar som blir tildelt NIF frå KKD og skal gå til barn, ungdom og breidde. Pengane skal generere og auke aktivitet og kan brukast til t.d. heving av kompetanse, tilrettelegging for aktivitet, sikkerhetskurs. Midlane skal gi klubben eit løft og utvikling. Denne potten aukar til ca 60 millionar for 2005.

Bakgrunnen for prosjektet til NKF er at klatreaktiviteten pr i dag ikkje optimalt tilgjengelig for barn og unge i klatreklubbar. Det er mangel på ressurspersonar, mangel på trenarar og instruktørar, mangel på mottakerapparat, mangel på kompetanse på trening og organisering av klatreaktivitet for barn og unge, mangel på utstyr i klubbane og mangel på treningstid på innandørsveggar.

Prosjektets betydning er at NKF kjem nærmare klubbane gjennom klubb utvikler, fleire personar med instruktør og trenar utdanning, auka kompetanse på instruktør og trenarsida, engasjere trenarar, oppretta eit mottakerapparat for barn, unge, funksjonshemma og nybegynnarar i klubben, fleire barn, ungdommar og jenter i klubben, auka kompetanse på organiseringa av barne og ungdomsidrett, forankring av kompetanse frå sentralt hald til lokalplan, fange opp ungdommar som fell frå konkurransebaserte idrettar ved å gi dei eit sosialt og konkurransefritt tilbod.

**Jenter i fokus** – Presentert av Siri Drageset

NKF's styre ble av tinget i 2002 oppfordra til å utforme og gjennomføre et jenteprojekt, ”Å gjere jenter meir synlige i klatresporten”.

NKF har i tingperioden gitt jenter som tar høgre utdanning gratis kursdeltaking, bevisst hatt ei jente i dommarpanelet på konkurransar, auka andel i landslagsgruppa til 50/50, støtte til ekspedisjonsfond, klubb utviklingsprosjekt, NKF's nettside og bevisst bruk av bilde med jenter på, NKF's komitesamansetning, internasjonal klatresamling og delting i Sverige, motivere fleire jenter til å bli trenarar og veiledere.

Skal vi fortsette med det som er påbegynt og skal vi opprette eit eige jenteutval i NKF. Kva med å arrangere jentekvelder for klubbane, jenter som held lokale og sentrale sikkerhets- og klatrekurs, kvinnelege ruteskruarar, auka kvinneandel i klubbstyre og komitear. Jentesatsing a skal profilerast på 'eiga side' på [www.klatring.no](http://www.klatring.no).

**Integrering** – Presentert av Siri Drageset

Kva slags integrerings arbeid har NKF gjort til no?

- 2002 og 2003: Jublende funksjonshemmede - Kolsås KK
- 2002: Klatrevegg på Youngstorget – Redd Barna aksjonen
- 2003: Klatrevegg på Aker Brygge – Europeiske År for funksjonshemmede
- 2003 og 2004: Klatring for funksjonshemmede barn og unge – Tyrili KK
- 2004: Klatring for unge med psykiske lidningar – KK Ålesund
- I samarbeid med Beitostølen HSL – Klatring for alle
- 2004: 'Farverik klatring'

31.12.2003 overtok NKF ansvaret for integrering av funksjonshemmede i eige forbund og avtale vart signert med NIF og NFIF, Norges Funksjonshemmedes Idrettsforbund. Dette betyr for NKF eit administrasjonstillegg på kr 70.000,-, ei forfordeling av post 3 midlane, styring av integreringsprosjekt i våre klubbar og klubbane kan søke NKF direkte om midlar til oppstart. NKF vil arbeide for å utvikle klatretilbudet for fysisk funksjonshemmede i våre medlemsklubber, auke kompetansen på klatring for funksjonshemma i klubbene, dette gjennom trenere og instruktører. implementere ”klatring for alle” i trenerutdanninga, frigjøre integreringsmidler til oppstart og videreføring av integreringsarbeid i klubbene, utvikle informasjonsmateriellet som skal synleggjøre NKFs og klubbenes arbeid og de tilbudene som finnes. Kvart år gjennomføre en erfaringsamling for de som arbeider med integrering av funksjonshemmede i klatring, utvikle en egen side på [www.klatring.no](http://www.klatring.no) om integrering i NKF og klubbene, tiltak, prosjekt, støtteordninger, satsingsområde, reportasjer, bilde, publisere diverse prosjekt og artikler om klatring for funksjonshemmede.

### **Gruppediskusjon:**

Tingdelegatane vart delt inn i grupper, anlegg inne og ute, konkurranse, klubbutvikling og utdanning. Gruppediskusjonen vart framført i plenum.

### **Gruppe Konkurranse – presentert av Gisle Andersen**

Framskaffe ein god treningskultur.

Delta i norgescup samanheng og slik kunne ’vises’ fram for eventuell deltaking i landslagsgruppa. Det er viktig å bygge gode forbilder og profilpersonar. Oppgradere toppidretten innandørs men og tenke toppidrett ute. NKF bør støtte klubber som ønskjer å arrangere lokale konkurransar med t.d. ruteskruing. Vi bør kanskje operere med konkrete målsettingar som at alle klubber skal arrangere konkurransar til neste tingperiode, helst dei med eigen vegg. Ivareta aspekta, dei utøvarane som ønskjer å bli gode skal komiteen støtte oppom. Dette kostar, t.d. internasjonale konkurransar. Anna aspekt, vi kan vere viktig for klubbmiljøa med kompetanse på rutesetting, arrangement av konkurransar. For eit lite miljø kan det vere veldig stimulerande at dei har utøvarar i landslagsgruppa.

### **Kommentarar:**

Are Mellem, er ein fotball speler ein toppidrettsutøvar? Er vår aktivitet ein toppidrett? Vi må jobbe for å få aksept i samfunnet og i NIF, at vi driv med ein idrett som er av verdensklasse. Her må vi tørre å slå oss på brystet.

Gisle Andersen, vi har satt opp trener II sport seminar, dei dei får tilbod om å fungere som trenarar direkte mot utøvarane i landslagsgruppa. Denne modellen er desentralisert, vi har ingen landslagstrenar i dag, men mange lokale trenere som er der utøvarane er. Dette tilfører også miljøa kompetanse. Slik kan man endre eller lage god treningskultur der ute.

Lars Stendal, kan trener II sport vere ein modell for å følgje opp enkelte utøvarar ein periode? Gisle Andersen, komiteen oppfordrar sterkt og legger rette for økonomisk at veiledarane blir motiverte til jobben.

Ben Velde, ved NM 89 og 90 gav komiteen støtte for gjennomføring, hadde ikkje klart det dersom ikkje. Premieutdeling, ein av utøvarane takka for heile arrangementet. Veldig fint og godt for klubben å få slik feed-back.

Berit Berg, Tromsø KK, korleis skal styret styre med konkurransar og utøvarar på høgt nivå. Cecilie Skog er eit godt eksempel og forbilde, bruke ho meir for hennes og våre del. Dei som klatrar inne vil trekke ut etter kvart, må ta vare på utekulturen også. Begynn i morgon.

## Gruppe Anlegg ute og inne samt sikkerhet – Presentert av Mette Rye

Ledestjerna vår: 'uvurderlig støtteorganisasjon i Norge'. Vi må kunne forbetre oss, bli tydelige og vere målretta på ressursinnsats. Å bli tydelig – meine noko om ein del ting og vere einige om dette. T.d. anleggsstandard, innandørsvegger, kva er god standard for innandørsvegg, skal vi opprette ein uavhengig instans som godkjenner vegger, krav til kompetanse for kommersielle aktivitet. Vi må ha ei meining i forhold til guiding, spesielt ovanfor offentlege myndigheiter, det må stilles krav til minimum kompetanse. Små vegger utan tilsyn, kva meiner vi om det. Må vere tydelige på å vise og kommunisere våre holdningar på kompetanse – forholdet sikkerhet og kompetanse – vi må skape forståing kor viktig det er med kompetanse. Få inn gode vanar tidleg, bratt kort er eit godt verktøy. Må bli flinkare til å rapportere ulykker og klubbane må bli flinkare til å bruke sikkerhetssidene. Få opp skikkelege anlegg, hjelp i prosessen på spillemidlar, lage ei prioriteringsliste. Det settes inn ressursar der det trengst. Målrette ressursane våre, finne kor skoen trykke, vårt forhold til friluftsliv og miljø. Bør naturen beskyttes mot klatrarar? Merke stiar til klatrevegg der det er stor trafikk. Kanskje og sanitæranlegg. I forhold til høgfjellet er vi i utangspunktet resp. trektive, men kanskje ha unntak der det er mest trafikk. Drive opplysningsarbeid. Helst liten tilrettelegging, går opp i mange etiske konflikter. I forhold til sikkerhet er informasjon er viktigast. Skaff deg kompetanse.

### **Kommentarar:**

Leif Landsverk, freistande å få tak i DNT midlane, for klatring er friluftsanlegg i fjellet.

Siri Drageset, hendingar i standen for ulykke

Jan E Danielsen, Bratte Rogalands Venner, ja, slike skjema er det stor bruk for, 'nesten ulykker'

Bjørn Balle, Kongsberg KK, klippe – naturen må beskyttes meir mot oss, tilrettelegging av stiar, få opp sanitæranlegg. Lokale grupper i DNT har benytta seg av midlar frå DNT.

Kanskje samarbeide med dei på sånne ting. Høgfjellet – naturetiske og sikkerhet. Sikkerhet i naturen gjennom informasjon ikkje tilrettelegging.

Monica J Vaksdal, Bratte Rogalands Venner, vårt forhold til aktivitet i bratt friluftsliv, dette blir det meir og meir av. Skal vi sitte og vente på at den skal komme utan å ha forståing og holdningar for denne. Vi bør ha ein strategi på dette.

Are Mellem, anlegg – dette er heilt ny bruk av klatreområdar, spesielt ute. Utandørsanlegg, cragget, er eit tilrettelagt anlegg. Kanskje kan vi her bruke anleggs midlar. Over cragget går det ei grense, mot høgfjellet, her er eg imot tilrettelegging.

Christopher Brodersen, forskjellig tilrettelegging. Vi må sjå på DNT midlar for bruk til fornuftige formål. Sporlaus ferdsel i utgangspunktet.

Berit Berg, Tromsø KK, cragga våre i Tromsø er fjell. Må tilpasse plasser der man kjem frå, kva som tener kva. Viktig at det nye styret jobbar med og får gode anlegg inne. Må kjempe for at disse skal vere innanfor klubben.

Sofie Haughom, Narvik KK, fint at klubbane driv anlegg, kanskje er det mest hensiktsmessig at ein kommersiell går inn. Klubben er så avhengig av frivillige og eit apparat, det er ikkje sikkert ein klubb har kompetanse til å gjere el ta i vare dette på ein forsvarlig måte. Få til gode samarbeid mellom klubb og kommersiell aktør.

Monica J Vaksdal, Bratte Rogalands Venner, høgfjell – vi er for at fjellet skal bevarast og ingen menneskelege teikn. Dei kommersielle tenker 'korleis kan fjellet utnyttast'. Dersom vi skal stå for sporlaus ferdsel så må vi virkelig ut og meine noko om dette.

Leif Landsverk, vise større grad av pragmatisk holdning. Alltid motstridande hensyn og definere grenser som passer alle. Vi må signalisere holdningar.

Lars Standal, viktig at vi gir klart signal om våre holdningar i fjellet. Mange som etterlyser det og dette skal NKf gi klart. Kommersiell og inngrep, vår funksjon vil vere å vere ein anerkjent

høringspart, sparringspartner og høringspartner i forhold til det offentlege. Vi må legge premisser for dette. Etablere pilotprosjekt, sikre anlegg som t.d. Hjulundet, hornaksla. Gjennom off. planer, grunneigaravtaler. Bruke dette som mal for seinare prosjekter. Rein Jahr, Kongsvinger KK, der man skal fange interesse for klatring så vil det vere stor hjelp for klubben å ha ein kommersiell aktør i lag med klubben. Godt samarbeid og skal gå i 0 kost.

#### Gruppe utdanning og sikkerhet – presentert av Torbjørn Aass

Trenar 1 og 2, jobbe vidare med metodesett, få inn oppdaterte ting. Kursing, måten å holde nybegynnarkurs, ein betre mal for dette. Malane må leggest ut på nettet. Lage eksamen på kursa. Større kapasitet på komiteen. Trener 2 sport er kjempebra, bra med seminar for å holde kompetansen flytande. Begynne å definere kva vi vil. Kva skal t.d. trener 2 sport innehalde. Sikkerhet, utruleg bra det komiteen har fått til. Behov for auke i komiteen, hauste av Steins erfaringar, få andre med god kompetanse. Komiteen kan ta tak i ting som t.d.. enkelttema. Må bidra til at metodesette er til ei kvar tid oppdatert. 0-visjon, heller 90% tiltak. Få vekk mesteparten av ulykkene. Informasjonstiltak, kampanjar, t.d. visualisering av karabinbrudd. Bruke nettsidene meir, legge ut spørsmål frå klubbane med svar.

#### **Kommentarar:**

Gisle Andersen, mal for å holde grunnkurs finnes på NKFs nettside, det er pensum på instruktør inne.

Leif Landsverk, sikkerhet er eit arbeid som Stein gjer 90% av. Kanskje folk trur at dei veit for lite til at dei kan bidra i komiteen. Komiteen treng ressursar til kampanjar etc.

Bjørn Balle, Kongsberg KK, metodesett jobbinga – oppdatere den. Bregruppa har nettopp gjort dette, kanskje samarbeide med dei. Utdanning, arrangere instruktørsamlingar.

Kameratredningsseminar, finnes det ein mal for dette?

Christopher Brodersen, komitéarbeid er organiser slik at komitéleiarane er styremedlem i styret. Kan vere forskjellige grunnar til at komiteane er store og små. Gjennomgåande utfordring er at ressursane blir i underkant i forhold til det man kan klare å gjennomføre.

Oppfordrar tingsalen, kanskje er det nokon her som ønskjer å gjere ein innsats på eit tema, i ein komité på eit eller anna nivå. Vi treng ein ressurspool.

Iver Martens, instruktørgrader. Korleis er dette i forhold til utlandet?

Lars Stendal, vårt trener nivå er definert for bruk i Norge. Vår utdanning sluttar på eit nivå der Nortind fortsetter. Vår gir ingen kvalifikasjon internasjonalt.

Stein Tronstad, UIAA har ein utdanningsstige. Her kan vi kanskje melde inn vår trener utdanning.

#### Gruppe klubb utvikling – Presentert av Are Mellem

Vi satt fingeren i jorda....

Innspel til styret i neste periode. Alle klubber skal ha ein klatreinstruktør. NKF stimulere til at instruktørane gjer ein jobb etterpå, bruke utdanninga sin vidare. Alle små klubber/ressurssvake klubber/nye klubber skal ha NKFs oppmerksomd. Vi skal sterkt synleggjere vår tilstede verande ovanfor dei. Gi nye klubber konkret oppstartshjelp, bygge stein på stein. Alle klubber skal ha eit tilgjengelig nettverk. Jo lengre unna ein klubb ligg, jo meir treng dei eit nettverk, jo lavare kompetanse jo meir behov for nettverk. Denne bør styrkes i utsatte områder. NKF skal vere ein fagleg premissleverandør. Ovanfor det offentlege, frå kommune til departement. Vi skal og vere det mot klubbane og mot kommersielle aktørane og samfunnet generelt. For å få opp klubbmiljøa, få til ei nasjonal klatresamling, ei brei happening.

**Kommentarar:**

Christopher Brodersen, mange gode forslag kjem opp på tinget. Vi må tenke på korleis ein formulerer seg, t.d. ved å bruke ordet 'skal'. Tinget kan pålegge styret masse, men virkemidlane og ressursane må vere på plass.

Thomas Hahn, Haugaland Klatrelag, mange har vore på kurs og mange ser man aldri igjen. Koleis huke tak i dei, stimulerer dei til å bli. Korleis løyse konflikta mellom eigentrening og det å ta seg av nye.

Berit Berg, Tromsø KK, instruktør, utdanne instruktører er viktig for veksten, fleire å dele ansvaret på. Tenke utradisjonelt på kven som går på kurs, ikkje berre dei som klatre frå før og er ego, gripe ta i dei som har klatra litt og som erusiastisk, gi dei kurs og gi dei ansvar. Utløyse energi. Dette har gitt oss fleire ressursar. Må tørre å delegere ansvar til nye. Gi gratis kurs mot at dei må gjere noko tilbake til klubben.

Monica J Vaksdal, Bratte Rogalands Venner, BRV har mange høgt utdanna folk, men dei gidd ikkje å topptaue nye. Klubben gir gratis kurs med klausul om å holde kurs tilbake. Dette er kanskje ei god løysing.

Rein Jahr, Kongsvinger KK, lage kortkurs i innføring i sikring. Gi det til familiar, dette har skapt interesse og økt deltaking i klubben.

Sofie Haughom, Narvik KK, trenerstiger og malar for kurs. Held alle kursarrangørar etter standard?

Lars Stendal, NF og NKF held same kursstandard. Vi som er innanfor NF held disse på same måte. Andre aktørar har ikkje vi kontroll på.

Stein Tronstad, NF kurs er kvalifiserande kurs utandørs. Skal no lage grunnkurs.

**Sak 11 Budsjett 2004 og 2005.**

Budsjett 2004 og 2005 presentert av Siri Drageset.

Budsjett 2004 er eit godt budsjettår der NKF når ei rekord omsetning på 3 millionar. Dette er mykje takka vere inntekter frå speleautomatar og klubb utviklingsmidlar. NKF har for 2003 nærmare 1 million i prosjektmidlar. Det er eit budsjettert overskot pålydande kr 52.925,-.

Budsjett 2005 viser eit fall i omsetning på ca ein halv million, noko som kjem av usikre automatinntekter. Denne saka er ikkje endeleg avgjort. For 2005 er det budsjettert eit overskot pålydande kr 19.200,-.

**Kommentarar:**

Lars Stendal, sponsorinntekter er vanskeleg å få tak i, eit hard marked med mange om beinet. NKF prøvar å tilpasse seg NIFs og KKDs utvikling, vere i forkant og legge seg etter tildelingslinja.

Christopher Brodersen, vanskeleg å sjå inn i framtida så budsjett 2005 er eit minimalistisk budsjett. Handlingsplanen gir styret ei prioritert liste over oppgåver som skal gjerast og dette har innverknad på budsjettet. I beste fall vert inntektene 30 % betre enn budsjettert.

Leif Landsverk, NKF må bli endå flinkare til å få tak i aktivitets- og prosjektmidlar. Vanskeleg å få midlar til administrasjon.

**Vedtak:**

**Tinget vedtok budsjett 2004 og 2005 med einstemming fleirtal.**

**Sak 12 Tilsette statsautorisert/registrert revisor til å revidere regnskapet samt fastsette honorar.**

NKF har brukt Kjelstrup og Wiggen ANS som revisjonsfirma sidan 2002. Forbundet er særskilt fornøgd med jobben til selskapet og ønskjer å fortsette samarbeidet.

**Vedtak:**

**Revisjonsfirmaet Kjelstrup og Wiggen ANS blei einstemming vald som NKF's revisor for komande tingperiode.**

<b>Sak 13 Val</b>
-------------------

Valkomiteen har for 2002-2004 bestått av Ben Velde, leder, Berit Berg, Gudmund Grønhaug, Geir Grimeland og Lill Kristin Haugan. Komiteen har hatt fire telefonmøter samt sendt brev til alle klubbane om innspel på kandidatar til styret. Valkomiteen fekk mange gode tilbakemeldingar. Komiteen har lagt vekt på kvalifikasjonar, kvinner, geografi, fjell, sport og personar med nettverk. Kvinneandelen er ikkje oppfylt, jmf. NIFs lov §2-4 som seir at det skal vere minst 2 kvinnelege representantar frå kvart kjønn i styre, råd og utval. NKF har på førehand søkt NIF om dispensasjon av at komiteen ikkje har greidd å oppfylle dette. NKF fekk dispensasjon til å ha ei jente i styret.

Valkomiteen presenterte si instilling for NKF's styre for tingperioden 2004-2006, og dei føreslåtte kandidatane var til stede. Dei vart presenterte av Ben Velde.

**a) Val av leiar og nestleiar**

Som leiar vart Lars Christian Stendal vald einstemming.

Som nestleiar vart Christopher Brodersen vald einstemming.

**b) Val av styremedlem og to varamedlem**

Følgjande fem personar vart valde inn som styremedlem, einstemming:

Jan Eivind Danielsen, Stein Tronstad, Gisle Andersen, Leif Landsverk og Vivian Iren Hansen.

Følgjande personar vart vald inn som varamedlemmer, einstemming:

Sofie Haughom og Monica Jill Vaksdal.

Kontrollkomiteen presenterte ei innstilling av kontrollkomité, domskomité, valkomité og appellkomité. Dette vart presentert av Ben Velde.

**c) Val av kontrollkomité**

Følgjande personar vart vald inn i kontrollkomiteen, einstemming.

Leiar: Rune Larsen, Drammen KK

Nestleiar: Jens Yver Løvli

Medlem: Inger Volstad, Kolsås KK

Vara: Lars Haugen, Hedemarken KK

Jonas Langseth, Tyrili KK Lillehammer

**d) Val av domskomité**

Leiar: Dag Kaada, Bergen KK

Nestleiar: Tone Israelsen, Drammen KK

Medlem: Ragnhild Tøøien, NTNUI-TG

- Vara: Irene Andersen, Kolsås KK  
Michael Helgestad, Drammen KK
- e) **Val av appellkomité**  
Leiar: Einar Skage Andersen  
Nestleiar: Bjørn Balle, Kongsberg KK  
Medlem: Øyvind Tangen Ødegaard, NTNUI-TG  
Vara: Hallvard Kristiansen, Kolbotn KK
- f) **Val av valkomité**  
Leiar: Are Mellem, Tromsø KK  
Nestleiar: Lars Audun Nornes, Trondheim KK  
Medlem: Lars Blix Olsen, Kirkenes KK  
Vara: Mette Rye, Romsdalen Tindeggruppe  
Anette C. Larsen, Bratte Rogalands Venner
- g) **Val av representant til Idrettsinget og to vararepresentantar**  
Representant: Lars Christian Stendal  
Vara: Christopher Brodersen  
Leif Landsverk

**Lars Christian Stendal avslutta og takka for eit vellykka ting.**

---

**Kristin Devor**

---

**Lars Blix Olsen**